

Innkalling til møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtedato: onsdag 8. desember 2010 kl 13.15

Stad: møterom 217, HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Margareth Hagen, Leiv Egil Breivik, Kjetil B. Henjum, Randi Koppen, Kevin McCafferty, Margery Vibe Skagen.

Frå gruppe B: Svenn-Arve Myklebost.

Frå gruppe C: Jan A. Johansen.

Frå gruppe D: Helen Myrdahl, Kjersti Monen Berge og Claudia Förster Hegrenæs.

Dersom nokon av representantane over ikkje kan møta, må dei sjølve be vararepresentanten om å stilla i staden.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 20. oktober 2010

Sjå vedlegg 1.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Referat frå styringsdialog mellom fakultetet og instituttet hausten 2010 (vedlegg 2)
- B. Overgang frå Frida til Cristin
- C. Nytt studiestyre ved fakultetet

Sak 4 – Orientering om økonomien ved fakultetet og instituttet desember 2010

Sakspapira blir ettersende.

Sak 5 – framtida for påskjøningsmidlane ved instituttet

Sjå det vedlagde notatet (vedlegg 3).

Framlegg til vedtak: Instituttleiinga følgjer opp spørsmålet om framtida for påskjøningsmidlane i tråd med det framlagde notatet.. Det blir gjennomført ei intern høyring ved instituttet før saka vert lagt fram til vedtak i instituttrådet våren 2011.

Sak 6 – bemanningsplan for Det humanistiske fakultetet 2012-2015

Bemanningsplanen for fakultetet 2012-2015 blir lagt fram til vedtak i fakultetsstyret 14. desember. Denne planen følgjer opp arbeidet med fagdimensjonering og ny budsjettmodell, og bemanningsplanen vil i stor grad leggja premissane for kva stillingar som vil bli trekte inn eller lyste ut dei næraste åra. Sjå vedlegg 4.

Sak 7 – møteplan for instituttrådet våren 2010

Det er lagt opp til følgjande rådsmøte ved Institutt for framandspråk våren 2011: onsdag 26. januar, onsdag 23. februar og onsdag 4. mai.

Sak 8 - ymse

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef

Referat fra instituttrådsmøte ved Institutt for fremmedspråk

Møtedato: 20. oktober 2010

Til stede:

Fra gruppe A: Leiv Egil Breivik, Kjetil B. Henjum, Randi Koppen, Kevin McCafferty

Fra gruppe B: Espen Ingebrigtsen

Fra gruppe C: Siri Fredrikson

Fra gruppe D: Helene Myrdahl og Claudia Förster Hegrenæs

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug, Tove R. Sæthre (referent)

Sak 1 – Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjent uten merknader.

Sak 2 – Godkjenning av referat fra rådmøte 29. september 2010

Godkjent uten merknader.

Sak 3 – Orienteringssaker

A. Breivik orienterte om at Shabo Talay har fått frist til 25. oktober med å gi tilbakemelding om han tar imot professoratet i arabisk.

B. Stillingsomtale og utlysningstekst for stillingen i engelsk språk er laget og vil snart bli lagt ut.

C. Fagdidaktikkstillingen for romansk språk, delt stilling mellom fransk og spansk, er utlyst.

D. For stillingen i spansk litteratur, vil fagmiljøet lage stillingsuttalelse og utlysningstekst.

E. Breivik orienterte om at IF har fått tre nye stipendiatstillinger. To av disse vil gå til Erik Tonnings BFS-prosjekt "Modernism and Christianity", og den tredje stipendiatstillingen vil bli lyst ut åpent så snart som mulig.

F. Instituttet har vært i kontakt med Eiendomsavdelingen for å få hyppigere kontroller i HF-bygget. Uvedkommende kommer seg lett inn i bygget, og ansatte kvier seg for å oppholde seg der i helgene og når det er mørkt. Sikkerheten bør tas mer på alvor.

Sak 4 – Ny budsjettmodell ved fakultetet

Høringsuttalelsen fra IF til ny budsjettmodell ved fakultetet ble diskutert. Henjum pekte på at når det gjaldt fordeling av stillinger, vil forslaget føre til at noen fag må halvere undervisningen, mens andre fag kan tenkes å måtte øke tilbudet. Det ble også påpekt at tverrfaglige emner ikke er nevnt i modellen.

Vedtak (enstemmig): Rådet slutter seg til instituttleders forslag til høringsuttalelse om ny budsjettmodell ved fakultetet med de endringer som kom fram på møtet.

Sak 4 – Eventuelt

Ingen saker under eventuelt

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Tove R. Sæthre,
referent

Styringsdialog mellom Det humanistiske fakultetet (HF) og Institutt for framandspråk (IF)

Dato: 25. oktober 2010
Til stades: Leiv Egil Breivik, instituttleiar ved IF
Siri Fredrikson, studieleiar ved IF
Sandra Halverson, forskingsleiar ved IF
Gjert Kristoffersen, dekan ved HF
Trine Moe, direktør ved HF
Harald Ulland, undervisningsleiar ved IF
Arve Kjell Uthaug, administrasjonssjef ved IF
Ronald Worley, seksjonssjef ved HF

I. Styringsdialog mellom fakultetet og universitetet sentralt

Dekan Gjert Kristoffersen og direktør Trine Moe orienterte om styringsdialogmøtet mellom fakultetet og UiB sentralt. Universitetsleiinga uttrykte at dei var nøgde med arbeidet som vart gjort ved fakultetet.

HF ligg godt an målt etter forskingsresultat, og dels òg om ein måler resultatata på undervisningssida (men m.a. studentutveksling bør bli noko betre). Budsjettframlegget frå UiB for 2011 ser ut til å bli bra for HF. Dersom det blir ein auke i løyvingane, ønskjer fakultetet å betala meir ned på underskotet enn planlagt, i tillegg til å fordela meir ut på instituttbudsjetta.

Fagmiljøa bør senda inn fleire søknader om midlar frå Friforsk. Ordninga med smådriftsmidlar er ført vidare til 2011, men pengane går no direkte til universitetet og ikkje via NFR.

II. Fagdimensjonering og fleksibel bruk av stillingar

Det er m.a. foreslått ein framandspråkskonferanse for SAK-midlar.

Spørsmålet om tverrfaglege emne vart drøfta. Det kan vera eit problem at undervisninga må gjevast på engelsk eller norsk, og ikkje på dei andre framandspråka våre på tverrfaglege emne. Dei tverrfaglege emna manglar dessutan ein stamme av tilsette slik dei tradisjonelle faga har, og det blir heller ikkje gitt særøyvingar til desse emna. Derfor blir det gjerne ikkje ressursar igjen til dei tverrfaglege emna.

Instituttet er nøgd med at stillingsspørsmåla i år vart avklara tidleg på hausten, slik at ein no er godt i gang med å lysa ut stillingar. Breivik framheva engelsk lingvistikk som ein disiplin som slit med manglande undervisningsressursar. Instituttet tok opp spørsmålet om erstatning for instituttleiar dersom det òg i neste periode vert tilsett interne søkjarar. Her antyda fakultetet at institutta i så fall vil få frikjøpsmidlar tilsvarande undervisningsdelen av ei førstestilling, dvs 390 timar til institutta pr semester.

Representantane frå instituttet ønskte å vita kva tankar fakultetet har om oppbygging av japanskfaget med nye stillingar. Fredrikson orienterte òg om det planlagde undervisningssamarbeidet med NHH og la fram ei konkret skisse. Frå fakultetet vart det sagt at spørsmålet om fleire stillingar til japanskfaget må koma opp når ein ser definitivt at samarbeidsmodellen med NHH er liv laga. Breivik orienterte om det flotte arbeidet Benedicte Irgens og andre har lagt ned m.a. i arrangementet Japan Day.

III. Økonomi

Den nye budsjettmodellen er til høyring ved institutta. Instituttet støttar den nye budsjettmodellen for driftsmidlar til instituttet, men er meir skeptiske til modellen for stillingsfordeling.

Instituttet orienterte allereie i starten av året fakultetet om det store forventede underskotet ved IF. Uthaug streka under at vi må få klart betre budsjett for 2011 enn dei to siste åra, elles må instituttet gjera drastiske kutt i undervisninga. Fakultetet spurde om instituttet brukar for mykje pengar eller om løyvingane er for dårlege. Instituttet brukar ein stor del av midlane sine til mellombels tilsette lærarar, og hovudregelen bør vera at undervisninga vert dimensjonert innanfor kapasiteten til dei fast tilsette. Frå instituttet vart det vist til at m.a. vikarordningane for forskingsterminane har vore sterkt underfinansierte over fleire år. Det er bra for instituttøkonomien at det framover ikkje er institutta sjølve som må finansiera fjerdeåret til stipendiatane. Dekanen meinte ein kunne spare ved å redusera breidda i undervisningstilbodet.

Fakultetet har planar om å leggja fram ein bemanningsplan i fakultetsstyret samstundes med at den nye budsjettmodellen vert lagt fram til vedtak.

IV. Studentrekruttering og opptakssituasjonen

Studentrekruttering og opptak vart delvis drøfta under dei andre punkta i møtet. Det vart òg nemnt at fakultetet kan søkja om å få nye, øyremerkte studieplassar til masterprogrammet TOMT, slik at programmet omsider kan få starta opp. Instituttet må senda eit brev til fakultetet om å få oppretta slike plassar.

Referent:
Arve Kjell Uthaug,
28. oktober 2010

Framtida for påskjøningsmidlane ved Institutt for framandspråk

Ordninga med påskjøningsmidlar – òg kalla belønningsmidler eller rettleiingspengar – har vi hatt i mange år. Dette er løyvingar fakultetet har gitt institutta på grunnlag av studentane som har gjennomført master- og phd-studiet. Ein ferdig master har gitt 20.000 etter normert tid og 5.000 kroner etter lengre tid. Ferdige doktorgradskandidatar har gitt 45.000 kroner for kvinner og 35.000 for menn når kandidaten har levert på normert tid. Kandidatar som har brukt lengre tid, har gitt 15.000 (kvinner) eller 10.000 (menn).

Totalt har instituttet dei siste to åra fått ein årleg sum på om lag 700.000 kroner som premiering for avlagde master- og doktorgradar. Denne overføringa har tidlegare blitt delt med 70 prosent til rettleiarane og 30 prosent til felleskassa. Instituttrådet endra dette i møtet 10. desember 2009 (sak 6), slik at det i 2010 har gått ein like stor del av midlane til felleskassa som til rettleiarane. Instituttet forplikta seg samstundes til å bruka sin halvpart til å støtta publisering og forskingsføremål.

Rettleiinga har sjølvsagt gitt den enkelte læraren utteljing også i arbeidstidsrekneskapen, på line med andre undervisningsoppgåver. Påskjøningsmidlane har kome i tillegg til dette og vore ei unik ordning knytt til rettleiinga på høgare nivå. Den enkelte har kunna bruka pengane rimeleg fritt til forskingsrelevante føremål. Midlane har naturlegvis premierte dei tilsette som har vore rettleiarar for mange master- og doktorgradsstudentar, og som har fått desse gjennom studiet – helst på normert tid. Det er historiske årsaker til at ordninga med påskjøningsmidlar til rettleiarane i si tid vart etablert av departementet. Seinare er ordninga ført vidare av fakultetet. I dag kjenner vi ikkje til andre fakultet ved UiB eller andre høgare utdanningsinstitusjonar som tildeler individuelle påskjøningsmidlar for rettleiing på høgare grad.

Den nye budsjettmodellen

Fakultetet vedtok i november ein ny budsjettmodell. Tidlegare var driftsbudsjetta til institutta tufta på ei rekkje meir eller mindre historisk baserte overføringar, m.a. påskjøningsmidlane. Frå og med 2011 vert dette skifta ut med ein modell der driftsbudsjettet til instituttet vert gitt ut frå resultatane vi oppnår innanfor utdanning og forskning. Fakultetet gjev ikkje lenger institutta påskjøningsmidlar for rettleiinga på høgare grad. IF er dermed ikkje *forplikta* til å føra vidare ordninga, men kan fritt avgjera om ho skal halda fram, avviklast eller førast vidare i ei endra form.

Fleire andre spørsmål melder seg òg no når denne saka heilt og fullt er lagt over på institutta. Men først og fremst må det avklarast om ordninga skal førast vidare. Her kan det tenkjast fleire ulike alternativ.

Alternative modellar

Modell A: Instituttet held fram med påskjøningsmidlar for rettleiing på master- og phd-nivå, men gjeninnfører den gamle fordelinga med 70 prosent til rettleiarane.

Modell B: Instituttet held fram med påskjøningsmidlar for rettleiing på master- og phd-nivå, men med lik deling mellom felleskassa og rettleiarane slik som no.

Modell C: Instituttet innfører ei ny påskjøningsordning som premierer andre aktivitetar enn rettleiing. Ein variant kan vera å gje enkeltforskarar ein viss sum pr publiseringspoeng. Dette kan t.d. kombinerast med ein viss sum til disposisjon for dei som har hatt arbeidskrevjande verv ved instituttet.

Modell D: Instituttet har inga ordning med påskjøningsmidlar. I staden vert ein tilsvarande sum sett av fast til søknadsbasert forskings- og publiseringsstøtte.

Det kan sjølvsagt tenkjast andre alternativ, og ein kan laga ulike krysningar mellom modellane over. Dersom ein vel å avvikla ordninga med påskjøning for rettleiing, bør ein leggja opp til overgangsordningar for emeriti som gjerne ikkje vil få nytta godt av ei ny og annleis ordning.

Prosesen vidare

Saka er med dette lagt fram til drøfting i instituttrådet. Ei slik sak bør drøftast grundig ved instituttet, og alle bør få sjansen til å koma med synspunkt. Etter drøftinga i instituttrådet, bør derfor saka sendast ut på internhøyring ved instituttet, før ho vert lagt fram til avgjerd i rådet våren 2011. Dette er ei såpass stor budsjettsak at ordninga ut frå gjeldande reglement bør vedtakast av rådet. Ei ny ordning kan uansett ikkje bli innført før i 2012.

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef